

Møtebok 8 Lykling sokneråd 28.10.20

Dag: Ons 28.10.20 , **Tid:** kl 17:30, **Stad:** Lykling kyrkje

Rådsmedlem som møtte:

Inger Selle, Fridleif Lydersen, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide, Sissel S. Gåsland, .

Vert: Linda: *opna med song av «Mighty clouds of joy»*

og les ein andakt henta frå I TRO (andakter.no): «Overflod og ørkenvandring»

Saksliste:

Sak 65-20 Godkjenning av referat og innkalling *Ingen merknader*

Sak 66-20 Meldingar og skriv

Spørsmål frå leiar: Mulighet for tekstlesarkurs vår 2021? *Fridleif sjekkar dette.*

Mail frå Trygve som er vidaresendt til rådsmedlemene for gjennomlesing.

Mail frå prosten etter prostimøte. Ingen frå Lykling var representerte, så me har fått tilsendt presentasjonen til Tove Marie Sortland, Stavanger bispedømme.

Sak 67-20 Vikarliste for Lykling Kyrkje

Mail frå Janne Røslund, angående vikarliste for Lykling kyrkje.

Det er behov for ei liste over vikarar som kan tre inn for klokkar eller kyrkjetenar ved behov.

Er det ei sak soknerådet kan gjera noko med?

Elisabeth Bjørnevik er kyrkjetenar og har ansvar for praktisk førebuing av gudstenestene.

Ola Ersland er klokkar,

- *Emma Løkling, Johanna Hjelland, Arvid Steinsvåg og Heidi Ådnanes har alle sagt ja på førespurnad om å stå på vikarlista.*

Sak 68-20 Temakveld i Lykling kyrkje november 2020

Soknerådet vedtek: Dersom me får tak i organist til den 19. nov kan me satsa på

julesalmekveld. Øystein Lund Olafsen kan ikkje denne dato. Fridleif spør Øystein Skullerud om han kan. Inger spør Alida, Julie og Rebecca om dei kan delta.

Siste: grunna smittesituasjonen kan ikkje julesalmekvelden haldast. Gudstenestene i fysisk form vert avlyste og erstatta med strømmen gudsteneste frå Bremnes kyrkje.

Sak 69-20 Temakveldar i Lykling kyrkje vår 2021 torsdagar kl 19.00

28.jan 2021 – Kyrkjemusikk v/Øystein Lund Olafsen

11. og 18.feb 2021 – Evangeliet etter Johannes

Lesarar? Astri, Linda, Heidi, Elisabeth, Inger, Ola og Johannes (Astri spør)

25.mars 2021 Påskesong v/Øystein Lund Olafsen

Sak 70-20 Temakveldar hausten 2021

Forslag til dato frå Fridleif Lydersen:

02.09. – Reidar Ådnanes? (Fridleif spør)

07.10 - Salmeønskekonsert

28.10 og 04.11. - Matteusevangeliet

Merknad frå leiar: Er det mogleg å unngå kollisjon med andre sokn i kommunen og deira temakveldar? Fridleif snakkar med Aksel Lygre for å samkøyra datoar

Sak 69-20 Gåve til kyrkja – båt

Info v/ Elisabeth Bjørnevik: Me har fått førespurnad om å ta i mot ein modell av eit skip til å henga opp i kyrkjeskipet.

Soknerådet vedtek å takka nei til å gåva. Kyrkja er for liten til at det vil harmonera med eit skip i kyrkjeskipet.

Sak 70-20 Talet på gudstenester

Skal vi ha så mange gudstenester som no, eller kutte ut nokre og gjera meir utav dei me har? Det er få deltakar på dei «vanlege» gudstenestene i Lykling medan ein har behov for fleire dåpsgudstenester i Bremnes.

Vedtatt at me held på lista som er sett opp for året 2021. Då må me prøva å få fleire deltakarar til gudstenestene, og så vurderer me talet på gudstenester for 2021 i på soknerådsmøte i juni – 21.

Me ønsker og å invitera til søndagsskulegudstenester vår og haust.

Sak 72-20 Lysmesse i Lykling kyrkje 06.12.20

I tillegg til kyrkja sine tilsette skal konfirmantane delta (12 stk). Grunna koronarestriksjonar vert dette eit lukka arrangement for konfirmantane og familiane deira. Dette bør komma med i preikelista.

Sak 73-20 Ymse

- **Soknerådsmøter 2021:** 13.januar, 04.februar (NB! torsdag), 17. mars. 14. april. 19.mai. 9.juni

- **Søknad om fritak:** Arne Thorsen har munnleg bede om fritak frå soknerådet. Soknerådet treng ein skriftleg søknad om dette.

Einar Larsen står som 1.vara. Han har og bede om fritak, og soknerådet treng dette skriftleg.

Neste på lista er Johannes Hjelland og deretter står Beate Stautland. Inger har sendt melding med orientering om at 1. vara vert automatisk vert kalla inn til soknerådsmøta.

- **Frivilligprisen:** frist for innsending 30.11

Lykling sokneråd nominerer Margunn og Ola Ersland. Heidi skriv ein oversikt over «merittlista» deira og sender søknad til prostirådet.

- Elisabeth orienterte om stor **oversvømmelse på parkeiringsplassen** til kyrkja ved sterkt regnvær.

Elisabeth og Ola har vore på synfaring med Bertelsen & Garpelsen og vegvesenet. Det viser seg at det i løpet av vegarbeidet på den nye vegen er blitt laga ny lei for overflatevatn, og no renn vatnet inn på parkeringsplassen til kyrkja istaden for å renna ned langs vegen og ned til sjøen. Trygve er orientert om dette.

***Neste soknerådsmøte onsdag 25.11.20 kl 17:30. Heidi er vertinne**